



Ida Mathilde Sæbø er allereie i arbeid ved Husnestunet.

Det er tid for skuleavslutningar. Mange har fullført utdanning og er klare for å praktisera det dei har lært, i yrkeslivet. Uskedalen.no tar svært gjerne mot meldingar om ungdommar som har gjort seg ferdige med utdanninga si. Fint om vi og får tilsendt bilde i samband med dette.

Mellom dei som var ferdig med hjelpepleiarutdanninga ved Kvinnherad vidaregåande skule er uskedalsjenta Ida Mathilde Sæbø.

Onsdag i sist veke mottok ho autorisasjonsbeviset, og ho er no klar for viktige oppgåver innan pleie- og omsorgssektoren. Ho er alt i gang i arbeid ved Husnestunet.

I og med at ein no går over til ny utdanningsordning, er dette siste kullet som fullfører hjelpepleiarutdanninga og får utdelt autorisasjonsbeviset ved KVV.